



Arkivnr: 2016/2768-34

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Levering av prosjektrekneskapar frå andre enn eigedomsavdelinga

Bakgrunn for saka:

I møte i kontrollutvalet 11.02.2019 vart dette protokollert i sak PS 19/19:

«Handsaming i møtet

Kontrollutvalet har til dette møtet fått 3 prosjektrekneskapar til uttale frå eigedomsavdelinga, jf. sak PS 4/19. Utvalet registrerer at dei til no ikkje har motteke prosjektrekneskap som gjeld saker frå samferdsel eller andre avdelingar i Hordaland fylkeskommune, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak PS 37/18 frå 12.06.2018. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet gjer skriftleg greie for kvifor det ikkje er levert slike prosjektrekneskapar til no.

Etter dette vart det gjort slikt vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet gjer skriftleg greie for kvifor det til no ikkje er levert prosjektrekneskap for samferdsel eller andre avdelingar enn eigedomsavdelinga, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak PS 37/18 frå 12.06.2018.
2. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.03.2019.

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over har sekretariatet motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen som omhandlar prosjektrekneskapar for fylkesvegar. Notatet inneheld ikkje informasjon om det vil kome prosjektrekneskapar frå andre avdelingar utanom samferdsel og eigedomsavdelinga, slik kontrollutvalet og har bede om.

Av notatet går det m.a. fram at 6 prosjektrekneskapar for vegprosjekt er under ferdigstilling og planlagt ferdig i løpet av våren/forsommaren 2019. Vidare vert det arbeidd med å få ferdig ytterlegare 5 prosjektrekneskapar for vegprosjekt i løpet av 2019.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering og ber om at prosjektrekneskapa for vegprosjekt vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet etter kvart som dei ligg føre. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet igjen utfordrar fylkesrådmannen på om det vil kome prosjektrekneskapar frå andre avdelingar utanom samferdsel og eigedomsavdelinga, slik kontrollutvalet og bad om i vedtaket frå 11.02.2019.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering og ber om at prosjektrekneskapa for vegprosjekt vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet etter kvart som dei ligg føre.
2. Kontrollutvalet ber igjen om at fylkesrådmannen orienterer om det vil kome prosjektrekneskapar frå andre avdelingar utanom samferdsel og eigedomsavdelinga. Skriftleg informasjon om dette vert å sende sekretariatet innan 23.04.2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Prosjektrekneskap - fylkesvegar